



Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

Dato: 11.12.2014  
Vår ref.: 2014/24100-2  
Saksbehandlar: monsera  
Dykkar ref.:

## Fråsegn etter kulturhistorisk synfaring - søknad om bygging av landbruksveg - gnr 86 bnr 3 og 7 - Radøy kommune

Vi viser til dykkar brev datert 03.12.2014 i samband med søknad om bygging av landbruksveg i ovanfor nemnde sak. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Etter utført synfaring den 11.12.2014 blei området for den omsøkte traseen vurdert til å ha lågt potensiale for funn av hittil ikkje registrerte automatisk freda kulturminne. Ut over at ein under opparbeiding av arealet søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, ruinar/tufter m.m., har Hordaland fylkeskommune ingen vidare merknader til tiltaket.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet.

Per Morten Ekerhovd  
fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*